

# Skolereglement for Surnadal vidaregåande skole

## ORDENSREGLEMENT FOR ELEVAR VED FYLKESKOMMUNALE VIDAREGÅANDE SKOLAR I MØRE OG ROMSDAL

Forskrift fastsett med heimel i opplæringslova  
(Oppl) av 17.07.98 nr 61, §§ 2-9 og 3-7.

### DEL A

#### FORMÅL

§ 1 Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, og fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd. Formålet med reglementet er å skape godt samarbeid, god trivsel, respekt og medansvar. Reglementet skal fremme god orden og gode arbeidsvanar og slik legge til rette for god læring.

Reglementet forpliktar heile skolesamfunnet.

Reglementet skal omfatte:

- Elevane sine rettar og plikter
- Orden og åtferd
- Tiltak overfor elevar som bryt reglement, og framgangsmåten ved handsaming av slike saker

#### VIRKEOMRÅDE

§ 2 Reglementet gjeld for alle elevar ved skolen under opplæring og, så langt anna ikkje er bestemt, også for vaksenopplæringa sine elevar, lærlingskoleelevar, hospitantar og andre når opplæringa går føre i skolen sin regi.

Reglementet gjeld også ved opplæringsformer og aktivitetar som gis under skolens ansvar og regi utanfor skolen sitt område, så langt dette ikkje er i strid med lokalgitte påbod eller forbod, eller ved ekskursjonar.

Reglementet er retningsgivande for vurdering av orden og åtferd.

- 1 -

#### RETTAR

§ 3 Elevane har rett til vidaregåande opplæring jfr. opplæringslova med forskrifter, fylkeskommunale vedtak og gjeldande læreplanar.

§ 4 Eleven har rett til ei opplæring som er tilpassa føresetnader, evner og behov. Eleven har derfor rett til og skal delta i:

- Planlegging av opplæringa:
  - utforming av periodeplanar
  - tolking og analyse av læreplanmål
  - utforming av læringsmål
  - val og utforming av kriteri for vurdering
  - val av lærestoff i forhold til læreplanane, m.a. rett til sjølv å velje læreverk
  - val av arbeids- og vurderingsformer
- Gjennomføring av opplæringa
- Vurdering av opplæringa:
  - sluttresultatet av arbeidet i forhold til læringsmål.
  - prosessen som førte fram til resultatet.

Desse momenta kan vere individuelle for den enkelte eleven, felles for ei mindre gruppe eller for større grupper.

Skolen er ansvarleg for å gi elevane dei nødvendige føresetnadene for å kunne delta aktivt i dette arbeidet.

§ 5 Elevane har rett til å få tilbakemelding, oppfølging og rettleiing i forhold til dei måla den enkelte arbeider etter.

§ 6 Det skal gjennomførast førebudde elevsamtalar minst ein gang kvar termin mellom elev og kontaktlærer eller annan lærar.

§ 7 Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar som har innverknad på opplæringa, har elevane rett til rådgiving, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette, m.a. tilgang til sosial- og spesialpedagogisk teneste.

§ 8 Elevane har rett til rådgiving om utdanning og yrkesval.

§ 9 Skolen skal ha eit system som sikrar at det blir vurdert i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa er med på å nå dei måla som er fastsett for eleven eller gruppa.

Grunnlaget for vurderinga er læreplanverket sin generelle del og fagspesifikke delar som heile skolesamfunnet er forplikta overfor.

Eleven har rett til og skal delta i denne vurderinga.

§ 10 Elevane har rett til og bør ta opp med skolen (faglærer, kontaktlærer, rådgivar, skoleleiinga, evt. gjennom elevtillitsvalte) forhold som ikkje fungerer tilfredsstillande.

§ 11 Elevane har rett og plikt til å danne elevråd og å vere representert i skoleutval, skolemiljøutval og arbeidsmiljøutval.

Elevrådsrepresentantar har rett til regelmessige møte med skoleleiinga.

- 1 -

## **PLIKTER**

§ 12 Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruks som gjeld.

§ 13 Elevane pliktar å delta aktivt i opplæringa i den forma ho blir avtalt.

§ 14 Eleven skal snarast muleg ta kontakt med faglærer dersom han/ho ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

§ 15 Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke slikt arbeidstøy og verneutstyr som blir kravd i læreplan eller som er påbode av arbeidstilsynet, departementet eller skolen.

§ 16 Elevane skal halde seg med nødvendig lærestoff, materiell og utstyr til eige bruk som skolen ikkje held. Pålagt materiell og utstyr eller betaling for dette må ikkje vere i strid med forskrift eller vedtak frå departementet eller fylkeskommunen.

§ 17 Skolen sin eigedom og skolen sitt utstyr skal brukast med omtanke. Hærverk og skade kan føre til erstatningsansvar, jf. skadeserstatningslova.

§ 18 Elevar som gjennom arbeid, oppdrag eller verv i samband med vidaregåande opplæring blir kjend med spesielle opplysningar, har teieplikt etter forvaltningslova sine reglar § 13 - 13 f. Teieplikta gjeld også etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring.

## **DEL B**

### **SÆRSKILDE REGLAR FOR DEN EINSKILDE SKOLEN**

#### **ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØ**

§19 Det skal leggjast vekt på å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø prega av engasjement, aktiv deltaking og gode samarbeidsformer mellom alle i skolen. Det er viktig å vise respekt og medansvar og unngå eller hindre åtferd som har negativ innverknad på miljøet.

§20 Alle må opptre omsynsfullt, realt, høfleg og med respekt overfor andre.

§21 Alle må vise respekt for opplæringa og bidra til å halde arbeidsro i timane.

§22 Alle skal møte presis, førebudd og med nødvendig utstyr/læremiddel/bøker til timar og avtalar.

§23 Alle skal bidra til å halde det reint og ryddig over heile skolen, både ute og inne, og fara fint åt med skolebygningane og skolen sitt utstyr og materiell.

Mat kan, om ikkje anna er avtalt med lærar, berre nyttast i klasserom i matfriminutt og ved heildagsprøvar/eksamen. Elevane har høve til å ha drikkevatn tilgjengeleg i timane. Må elevar nyte

anna drikke, må dette avtalast med faglærer og skje på ein måte som ikkje forstyrrar undervisninga. I friminutta unntatt matfri skal elevane forlate undervisningsromma, og dørene skal låsast. For spesialrom gjeld egne reglar.

I kantina pliktar alle å rydde av borda etter seg og plassere koppar og bestikk på tilviste plassar. Avfall skal kastast i avfallskorgene. Elevane pliktar til kvar tid å rette seg etter dei pålegga kantinedrivaren set for bruken av kantina.

I klassar der ordenselev blir oppnemnd etter tur, må han/ho syte for å halde orden i arbeidsrommet og elles utføre dei ordenspliktene som gjeld til kvar tid. Elles har kvar elev plikt til å rydde etter seg på klasserom, lesesal og elles på skoleområdet.

Elevar som nyttar Surnadal Idrettshall må rette seg etter dei reglane som til kvar tid gjeld for bruken av hallen.

Elevane må gi beskjed til skolen kvar dei bur og melde frå om dei flyttar/skiftar hybel.

§24 Det påligg alle å unngå uønskt og/eller ulovleg framferd som t.d. hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga. religion eller livssyn, etc. Alle bør te seg på ein slik måte at det ikkje oppstår mistanke om slik åtferd. Kjeftbruk/bannskap, slåssing/knuffing og forstyrring av andre sin aktivitet er å vise mangel på respekt og omsyn.

§25 Elevar som ønskjer å bruke skolen sine oppslagstavler, må få oppslaga godkjent og påført skolens stempel. Det er ikkje høve til å henge opp meldingar, plakatar og liknande andre stader enn på oppslagstavlene utan etter avtale med rektor/inspektør.

Elevane kan bruke oppslagstavlene i klasserom etter avtale med kontaktlærar.

§26 Internett/data skal brukast berre i opplæringssamanheng, som avtalt med lærar innanfor reglar for nettvett og norsk lov. Skolen kan utarbeide egne, meir detaljerte reglar for nett-/databruk; desse utgjer da ein del av skolereglementet.

Brot på reglane kan medføre at ein for ein periode ikkje får tilgang til skolens datautstyr/-nett og at ein for ein periode blir underlagt resrtriksjonar når det gjeld bruk av PC på skolen. I tillegg gjeld det som står under §34 om tiltak ved reglementsbrøtt.

§27 Mobiltelefonar skal, når ikkje anna er avtalt, vere avslått/slått på stille og oppbevarast ute av syne i opplæringssituasjon/undervisningsrom. Anna elektronisk kommunikasjonsutstyr som f. eks. mp3-spelar, skal dersom det ikkje er avtalt med faglærer, ikkje nyttast. Ved prøvar kan mobiltelefon/elektronisk kommunikasjonsutstyr krevjast innlevert på førehand.

Bruk og/eller oppbevaring i strid med reglane vil kunne føre til beslaglegging for resten av

timen/dagen, og ved gjentatte tilfelle til at eleven ikkje får ha med mobiltelefon/anna elektronisk kommunikasjons- utstyr på skolen. I tillegg gjeld det som står under §34 om tiltak ved reglementsbrott.

**§28** Motorkjøretøy og sykklar skal parkerast på tilviste plassar. I skoletida er bruk av motorkjøretøy på skoleplassen og mellom dei ulike skolebygga forbode, unnateke nødvendig transport. Gjenteke eller alvorlege brott på denne paragrafen kan medføre at ein elev blir nekta å bruke motorkjøretøy på skolens område for kortare eller lengre tid. Farleg og uvettig bruk av motorkjøretøy vil bli meldt til politiet.

**§29** Det er ikkje lov å røyke, snuse eller bruke andre tobakksprodukt i skolens bygg og uteområde, og i lokale som skolen leiger. Surnadal kommune har vedtatt at heile skoleområdet på Øye skal vere røykfritt, og §29 gjeld dermed heile dette området.

Ved brott på reglane kan snus/sigarettar/tobakk bli beslaglagt og eleven kan nektast å ha snus/sigarettar/tobakk med på skolen. I tillegg gjeld det som står under §34 om tiltak ved reglementsbrott. Elevar som bruker tobakk skal ha tilbod om avvenningskurs.

**§30** Bruk eller oppbevaring av rusmiddel er forbode på skolen sitt område. Det er også forbode å vere påverka av rusmiddel på skoleområdet eller ved aktivitetar i skolens regi utanfor skoleområdet. Rusmiddel vil bli beslaglagt, og ulovlege rusmiddel vil bli levert til politiet.

**§31** Bruk og/eller oppbevaring av våpen og farlege gjenstandar (gjenstandar som kan brukast til å gjere skade på andre, dersom det ikkje framstår som truleg at gjenstanden skal brukast til andre formål) er forbode. Slike gjenstandar vil bli beslaglagt. Ulovlege gjenstandar vil bli overlevert politiet, og politianmelding vil bli vurdert.

### **§32 Fråvær**

Aktiv deltaking er nødvendig for god læring. Elevane er av den grunn forplikta til å møte presis til opplæringa med mindre det ligg føre avtale med rektor, kontaktlærer eller faglærer om ei anna arbeidsform, eller at sjukdom eller annan tvingande grunn (lovleg fråvær) gjer at dei ikkje kan møte. I kroppøving og beslekta fag skal ein møte til time og vere til stades sjølv om ein ikkje (fullt ut) kan delta pga helsemessige eller andre årsaker.

Faglærer kan gi enkeltelevar fri inntil ein time, kontaktlærer kan gi enkeltelevar fri inntil ein dag. Elev som ønskjer fri meir enn ein dag, må levere skriftleg søknad til rektor/assisterande rektor seinast 3 dagar på førehand. Berre rektor/ assisterande rektor kan permittere klassar eller grupper.

Forseintkomming til timar og timefråvær vil bli registrert. Gjenteke brot på reglane om presist

oppmøte kan få konsekvensar for karakter i orden/åtferd.

Alle elevar skal føre fråværet i ei særskild fråværsbok/meldingsbok. Denne boka skal alltid vere med på skolen. Alt fråvær skal først der, og boka skal leggst fram for kontaktlærer før planlagt fråvær og så snart som muleg etter anna fråvær. Både eleven og kontaktlærer signerer fråværsmeldinga.

Elevane skal føre forseintkommingar i fråværsboka. Dersom ein elev meiner å ha gyldig grunn til å møte for seint, skal han/ho straks legge fram skriftleg melding for faglærer, som rapporterer til kontaktlærer.

Alt fråvær for elevar skal først på vitnemål og kompetansebevis. Fråvær skal først i dagar og enkelttimar. Rektor kan bestemme om fråvær for den som ikkje er elev i alle fag skal først i dagar og timar eller berre i timar.

Årsaka til fråvær kan krevjast ført på dokumentasjonen. Eleven har sjølv ansvaret for å dokumentere årsaka til fråværet. Organisert eller sjølvstendig studiearbeid, mellom anna skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglærer eller rektor, skal ikkje reknast som fråvær.

Rektor kan gi elevar fri frå opplæringa i opptil 14 skoledagar i eit skoleår utan at desse dagane skal først som fråvær på dokumentasjonen. Det gjeld til dømes fråvær i samband med arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagde oppmøte og fråvær av helse- og velferdsgrunnar. Normalt skal elevar søkje om slik fri frå opplæringa på førehand. Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har innanfor totalramma på 14 skoledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider. Når elevar får løyve til å ta fri, bør skolen leggje til rette for at dei kan gjere ein innsats for å kompensere for det.

Om ein elev på grunn av sjukdom eller annan tvingande grunn må forlate undervisninga i løpet av skoledagen, skal eleven alltid klarere dette med kontaktlærer/faglærer og melde frå til administrasjonen/ekspedisjonen. Eleven fyller ut og leverer skjema før han/ho forlet skolen. Skjema kan ein få på skolens ekspedisjonskontor.

Dersom fråværet varer meir enn tre dagar i samanheng, skal skolen ha melding seinast den 4. fråværsdagen. Melding pr telefon/sms er tilstrekkeleg.

Høgt fråvær, same kva grunnen er, kan føre til at grunnlaget for å gi termin- eller standpunkt karakter manglar. Dersom det er fare for at ein elev ikkje får termin- eller standpunkt karakter, skal eleven og føresette varslast skriftleg.

Skolen skal hjelpe elevar som får mykje fråvær på grunn av langvarig/kronisk sjukdom eller omsorgsansvar etter avtale med eleven for å unngå

tap av opplæring og vurderingsgrunnlag (ekstra opplæring, ekstra prøver, sjølvstendig studiearbeid).

Eleven på si side pliktar ved fråvær å halde seg orientert om dei faglege aktivitetane i klassen/gruppa, herunder kva for lekser/oppgåver som blir pålagt elevane.

Ein viser og til eige prøvereglement.

Ulovleg fråvær kan føre til nedsett karakter i orden/åtfærd.

### §33 Fusk eller forsøk på fusk

Bruk av ulovelege hjelpemiddel og kommunikasjon med andre i ein prøvesituasjon blir rekna som fusk.

Det same gjeld kopiering/avskrift av andre sitt arbeid som blir levert som eige produkt ved innleveringar eller prøvar.

Dersom ein elev blir teken i fusk eller forsøk på fusk ved eksamen (regulert ved forskrift til opplæringslova § 4-25) eller prøver, skal forholdet meldast til rektor.

Normalt blir karakteren på den prøva eller arbeidet det gjeld, annullert og karakter i orden/åtfærd vurdert sett ned.

Skolen har eige prøvereglement som ein del av skolereglementet.

### §34 Konsekvensar for elevar som bryt reglane:

Brott på reglane vil resultere i reaksjonar mot eleven i form av sanksjonar og/eller nedsett karakter i orden/åtfærd. Sanksjonar vil vere:

- munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar/tilsett
- munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor
- skriftlege avtalar
- kontakt med heimen og involvering frå føresette
- vere på skolen før og etter skoletid i samband med samtalar med lærar/rektor og/eller utføring av pålagde oppgåver
- nedsett karakter i orden og/eller åtfærd eller orden og åtfærd
- midlertidig beslag av gjenstandar o.a. som blir brukt i strid med skolereglementet
- beslag av rusmiddel, ulovelege gjenstandar
- pålegg om oppgåver for å rette opp skade som elevar har påført skolen sin eigedom eller eigendelar (rydde boss, vaske golv, fjerne tagging,,)
- erstatningsansvar
- avgrensa tilgang til/utelukking frå spesielle aktivitetar og/eller fasilitetar ved gjentekne eller alvorlege brot på reglar/retningsliner for desse
- mellombels eller permanent bytte av gruppe
- bortvising frå gruppe for resten av timen/arbeidsperioden etter avgjerd av faglærar eller resten av dagen etter avgjerd frå rektor

- bortvisning frå skolen for lengre tid, inntil 5 dagar, enn resten av skoledagen
- bortvisning frå vidaregåande skole for resten av kurset
- tap av rett til vidaregåande opplæring
- melding av straffbare tilhøve
- stort fråvær kan medføre at grunnlaget for å gi vurdering med standpunktkarakter manglar

### §35 Saksbehandling

Før refsingstiltak blir sett i verk, skal eleven ha høve til å forklare seg. Tiltaka må stå i rimeleg forhold til regelbrottet, og tiltaka må komme så nær regelbrottet i tid som muleg. Det er berre den eleven eller dei elevane som har gjort seg skuldig i reglementsbrott som kan refsast. Kollektiv avstraffing er ikkje lov. Ein elev kan heller ikkje straffast på ein nedverdige/krenkande måte.

Ved bortvising for lengre periode enn resten av dagen skal rektor først rådføre seg med eleven sine lærarar. Før ein tek i bruk slik bortvising skal skolen først vurdere alternative tiltak, t.d. hjelpetiltak og/eller individuell kontrakt, og rådgjevar eller sosialpedagogisk personale skal ha uttalt seg.

Refsingstiltak er enkeltvedtak som kan påklagast til fylkeskommunen si klagenemnd. (Fylkesutvalet)

§36 Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom skole og heim, og foreldre/føresette. For elevar under 18 år skal det arrangerast foreldremøte minst ein gong kvart skoleår.

§37 For spesielle forhold som ikkje fullt ut vert dekt av reglementet eller felles reglar gitt av departementet eller fylkeskommunen, kan skolen utarbeide egne reglar, t.d.:

- ordningar og bruk av kantina
- bruk av bibliotek/lesesal
- bruk av spesialrom (t.d. laboratorium, auditorium)
- bruk av utstyr
- bruk av verkstad, kjøkken o.s.b.
- bruk av datarom og internett
- reglar ved ekskursjonar
- reglar om parkering
- reglar for elevskap
- reglar for skoleavis/russeavis
- reglar for elevråd
- reglar for prøvar